



# AUSTRHEIM KOMMUNE KONKURRANSEGRUNNLAG

Anskaffing etter del 1

**Sak 23023/1, 321032, Utskifting og oppgradering av rekkverk, Njøten bru**

## Innhald

### **1. Skildring av oppdraget**

#### **1.1 Om oppdragsgjevar**

#### **1.2 Omtale av oppdraget**

#### **1.3 Tidsfristar**

### **2. Kvalifikasjonskrav**

1	GENERELL SKILDRING.....	3
1.1	Om oppdragsgivar.....	3
1.2	Omtale av oppdraget.....	3
1.3	Tidsfristar.....	4



## 1 GENERELL SKILDRING

### 1.1 Om oppdragsgivar

Austrheim kommune er eigar av Njøten bru. Njøten bru er ei bjelkebru i betong med asfaltdekke. Brua ligg på Njøtenvegen i Austrheim kommune. Lengda er 46 meter, breidda 4,5 meter. Det skal no gjerast utbetring og utviding av rekkverk på sjølve brua samt rekkverk på kvar side av brua.

Kontaktperson Austrheim kommune

Namn:	Atle Vaage
e-post	<a href="mailto:atle.vaage@austrheim.kommune.no">atle.vaage@austrheim.kommune.no</a>

Eventuelle spørsmål skal rettast til kontaktpersonen via Mercell.

### 1.2 Omtale av oppdraget

Tentativ framdrift er gjennomføring av konkurranse inkludert inngåing av kontrakt innan 15.05.2023, og gjennomføring av sjølve arbeidet innan utgangen av september 2023.

- Eksisterande rekkverk på brua består av stolpar i stål med flettverksgjerde. Her skal det monterast autovern. I tillegg skal 8 meter flettverksgjerde på nordside skiftast ut.
- Eksisterande rekkverk i kvar ende av brua er anten for lågt eller svært mangelfullt. Her skal det monterast nytt autovern.
- Ved brufeste i nordvest skal det etablerast ny betongmur som fundament for rekkverk og vegbane.
- Autovern skal utførast i tråd med illustrasjonen figur 1.2 i punkt 1.4 på side 10 i vedlegg 4, «V161 Statens vegvesen - handbok for brurekkverk»
- Overgang brugjerde til autovern skal utførast i tråd med illustrasjonen figur 3.10 på side 27 i vedlegg 4, «V161 Statens vegvesen - handbok for brurekkverk»
- Handlist og sprosse frå nemnte illustrasjonar skal ikkje inngå i leveransen.

#### **Krav til flettverksgjerde på brua;**

8 meter gjerde i nordvest enden skal demonterast og avhendast til godkjent mottak. Det skal monterast nytt flettverksgjerde av same type som eksisterande.

#### **Krav til autovern bru;**

Nytt autovern skal festast på eksisterande stolpar ved hjelp av gjennomgåande boltar.

Alt materiell som vert nytta skal vera utført i galvanisert stål.

Høgde frå vegbana til overkant av skinne skal vera 750 mm.

Eksisterande topprør på rekkverk vert festa til nytt autovern ved brufesta.

#### **Krav til ny betongmur nordvest ende;**

Eksisterande betongmur er i ferd med å skli ut. Denne vert demontert. Nødvendig mengde asfalt og underlag vert fjerna, og ny betongmur med labank vert opparbeida med lengde 300 mm og høgde 100 mm. Valde leverandør står for prosjektering av mur/armering. Topp mur vert avslutta i same høgde som betongmur på sjølve brua. Pilarar for autovern støypast fast i mur slik at autovern frå sjølve bruka kan halda fram på ein naturleg måte.

#### **Krav til autovern på kvar side av brua;**

Eksisterande autovern og flettverksgjerde vert demontert og avhenda til godkjent mottak. Nytt autovern vert montert med pilarar i stål. Alt materiell som vert nytta skal vera utført i galvanisert stål. Høgde frå vegbana til overkant av skinne skal vera 750 mm.

Dei fire ulike strekka med autovern inn mot sjølve brua er merka med bokstavane A-B-C-D på kartvedlegget.

- A, nordvest; 22 meter, avsluttast med skråning mot terreng.
- B, sørvest; 22 meter, avsluttast med skråning mot terreng.
- C, nordaust; 5 meter, avsluttast i boge frå bru, boltast i stor stein. (Vedlegg 3,6.)
- D, søraust; 10 meter, avsluttast med skråning mot terreng.

#### **Riggplass**

Det er lite tilgjengeleg areal for riggplass ved brua. Det vil vera mogleg å plassera toalettbrakke ved søndre brufeste, men det er ikkje moglegheit for vatn eller avløp. Øvrig utstyr kan plasserast langs kommunevegen på begge sider, men på ein slik måte at vegen er open for kjøring.

Det er ikkje tilgang på straum ved brua.

#### **Stenging av veg**

Byggherre opnar for at valde leverandør kan stenga vegen i inntil 2 timar av gangen i tidsrommet 08.30-14.00 på kvardagar.

Det vil bli opna for å stenga vegen i inntil 1 time av gangen i tida 14.00-18.00.

Arbeidet må planleggast og utførast slik at det til ei kvar tid er mogleg å rydda veg for utrykkingskjøretøy.

Byggherre vil etablere rutine for varsling av bebuarar og naudetatar om vegstenging.

### **1.3 Tidsfristar**

Oppdragsgivar har lagt opp til slike tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Utlysing	22.03.2023
Frist for å stilla spørsmål til konkurransegrunlaget	28.04.2023
Tilbudsfrist	10.05.2023 kl 12.00
Val av leverandør og kunngjering til leverandørar	12.05.2023
Kontraktssinngåing (tentativ)	15.05.2023

Vedståingsfrist for tilbudet (tentativ)	31.08.2023
Oppstart	Avtalast med valde leverandør
Frist gjennomføring	29.09.2023

## 2 KVALIFIKASJONSKRAV

Krav	Dokumentasjonskrav
Skatteattest	Skatteattest, ikkje eldre enn 6 md.
Referanseprosjekt	Tilbydarar skal oppgje kontaktinformasjon til minst 3 referanseprosjekt utført dei seinaste 5 åra.
Kompetanse	Det skal leverast oppsett med namn, tittel og formell kompetanse for tilbydar sin oppdragsleiar og utførande personell.
Kvalitetssystem og sertifikat	Tilbydarar skal levera dokumentasjon på eventuelle kvalitetssikringssystem og sertifikat som verksemda finn relevante for oppdraget.